

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gulen

Emne: Veving

Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Dale

(adresse): Dalsøyra

G.nr. 51 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskriv i etter Hans I. Dale, gardbr. h. v. og kona hans.
Hans er fødd i 1881.

SVAR

I

1. Mannskleda: trøye, bukse, vest og underbukse var laga av vadmål, så nær som ryggen i vesten. Den var laga av kjøpety. Skjortene var laga av einskjefte. Vadmålet var vovi på 4 skaft og med 4 trøyer. Både varp og veft var heimespunni ullgarn. Einskjefte var og vovi på 4 skaft, men då nytta dei berre to trøyer. Då her kom strikkemaskiner vart det etter kvart slutt med å ha underkler av einskjefte, og strikka underkler kom i staden.
2. Kvinnekleda var: trøye, vove av vadmål eller sume tider einskjefte. Dessutan stakk, underliv, bukse og sjorte, alle vovne av einskjefte. Til høgtidsbruk nytta ein oftast sjorter av kvitt bomullsty eller lenty.
3. Sjå ovanfor. - Til busserullar og slikt vov dei stundom blåty av bomullsgarn. Det vart vovi på 4 skaft og med 4 trøyer.
4. Sengeomheng har visst ikkje vori nytta her.
5. Laken vart vovne av bomull eller lin, men det var nokså sjeldan nokon vov slikt. Sengeteppe vart vovne av heil ull, om lag som tjukt vadmål. Dei vart elles kalla kvitlar her. (Kvittel M.) Putevar, (høyende, n) vart vovne av randut einskjefte i mange fargar, helst raudt svart og grønt.
6. Dukar og serviettar har visst ikkje vorti vovne her. Slike ting kjøpte dei helst.
7. Handdukar vart jamt kjøpte, anten ferdige, eller dei kjøpte tyet og sydde dei sjølve.
8. Åkler og tepper vov dei ymse slag av. Såleis Krossa-åkle og Smette-åkle. I krossa-åkleda var dei vanlegaste mønstra anten Enkelkrossar eller Dubbelkrossar. I Smette-åkleda smette dei trådar inn for å få fram mønstret. Men det var sjeldan nokon vov smette-åkle her. I åkleda var varpet anten hamp eller lin, vefsten var ullgarn, heimespunni og heimefarga med mange leter. Vanlegaste fargane var raudt, svart,


10423

gult og grønt i ymse avbrigde. Blått vart og bruka. Vefsten i åklede var tjukt ullgarn, sume tider blanda med nautehår. Dei vart vovne med 3 skaft og 3 trøer, (treskjeft).


II

I noko nyare tid tok dei ofte til å bruka bomull til vefst i ty til underkler og til putevar. Dei kalla det då hallullty. Fo all veving galdt det at tyet til kvinnekleda gjerne var noko tunnare enn tyet til mannskleda. Garnet til slikt ty spann dei difor ein god mun grannare enn til vadmåls og kvitlavevane. I kvitlavevane var det ofte sers tjukt garn.


Nedanfor er nokre vanlege mønster med nemningar:



Enkelkross.



Dubbelkross.



Sylgjebord.